

Krystallklart vatn frå 2015

På Bildøy byggjer FjellVAR eit nytt vassbehandlingsanlegg som aukar kapasiteten med 30–40 %.

Sidan 2011, har Fjell kommune og FjellVAR planlagt nytt vassbehandlingsanlegg. Det er auke i forsyningssikkerheita som er årsaka til at dette omfattande arbeidet vart sett i gong på Bildøy.

– Bildøyvatnet har ikkje hatt god nok vasskvalitet til at vi har kunna nytta det som drikkevatt. Med berre eit anlegg på Fjæreide som reinsar vatnet, er ein svært sårbar om ein får driftsproblem. No blir det krystallklart vatn i springen også frå Bildøyvatnet, fortel Arve Smedvik i FjellVAR. Han er byggeleiar saman med kollega Trond Tollefsen.

Dramatisk start

Då arbeidet skulle byrje, måtte FjellVAR endre delar av planane sine på svært kort varsel.

– Det som skjedde var at BKK si reserveforsyning med straum over Hjeltefjorden datt ned. Då var det berre høgspenlina over anlegget her som kunne forsyne Kollsnes med kraft! Dermed fekk vi ikkje lov til å grave eller sprengje under høgspenlina, og måtte leggje om røyrtraseane som var planlagt å leggjast i vegen under høgspenlina, fortel Smedvik.

Røyra er no dels lagde i borehol i fjellet for å unngå grøftegraving og sprenging under høgspenlina. Den opphavelge planen var å leggje røyr og straumforsyning til anlegget i vegen som høgspenlina kryssar, men då forbodet kom, valde FjellVAR i staden å bore hol.

– Det går med nokre meter med røyr, det er eit stort arbeid.

Energisparing

Det nye anlegget ligg slik til at FjellVAR sparar mykje energi. I dag må vatn nede frå Fjæreide



ENERGIVENLEG: Arve Smedvik i FjellVAR er byggeleiar for det nye vassbehandlingsanlegget. Til høyre anleggsleder Erkki Mikkonen fra leverandøren av prosessutstyret, Lafopa Industrier Verdal As.

pumpast opp til høgdebasseng i Bildøybakken. I det nye anlegget vil vatnet renne rett ned i høgdebassenget, og så blir det fordelt ut på nettet derifrå.

– Vi sparar ein god del energi på å sleppe å pumpe alt vatnet. Det nye anlegget vil vera energivenleg, seier byggeleiaren. Enova har difor gjeve lovnad om tilskot til anlegget på 720 000 kroner.

Ferdig til nyttår

Ei rekkje bedriftar, dei fleste lokale frå Sotra, har arbeidd sidan i fjor haust med å få anlegget på plass.

Sartor Maskin AS er ansvarleg for store delar av anlegget, og dei har lokale underentreprenørar som H. Skarholm, Byggmester Reidar Valestad, Sartor VVS og Murrmeister Knut Ulveseth. Lafopa Industrier monterer utstyret til reinsing av vatnet og Fagelektrikeren har el-arbeida.

No nærmar arbeidet seg slutten.

– Vi skal ha igangkøyring av anlegget i månadsskiftet november – desember. Eg trur at vi kan ha anlegget klart ved årsskiftet, seier Arve Smedvik.

Fakta: Bildøy vassbehandlingsanlegg

- Gjer Bildøyvatnet til vassmagasin for Fjell kommune.
- Kan levere 30–40 % av kommunen sitt vassbehov.
- Energivenleg drift.
- Lengste borehol er 270 meter.
- Planlagt sidan 2011.
- Venta ferdig årsskiftet 2014/2015.

Lyttar seg fram til lekkasjar

FjellVAR nyttar avansert lytteutstyr til å lokalisere lekkasjar i vassnettet.

FjellVAR har delt vassnettet inn i soner med vassmålarar i dei ulike sonene. Kvar morgon startar kontrollørane dagen med å sjekke kva vassforbruket var om natta. Ut frå det, er det mogeleg å sjå om det er ein uvanleg auke i vassforbruket og kva sone auken kan knytast til.

Når sona er identifisert, startar FjellVAR eit finsøk og brukar mellom anna avansert lytteutstyr for å peile lekkasjen.

– Vi har 15 målarar på indre nett rundt om i kommunen der vi kan følgje med på forbruket. I tillegg har vi målarar som vi kan leggje utanpå vassleidningane og måle på bestemte område, seier sivilingeniør Oskar Asgeirsson.

FjellVAR nyttar også åtte såkalla lydloggarar som kan lytte seg fram til lekkasjar.

– Det er ein flott teknologi og eit fintfølande utstyr som fungerer veldig bra, seier Asgeirsson.



Oskar asgeirsson hos FjellVAR på søk etter vasslekkasje.

Fakta:

Dette kan du gjere for å bidra til å finne lekkasjar:

- Meld frå dersom du merkar at trykket i krana blir dårlegare.
- Meld frå dersom du merkar at det renn vatn i terrenget på plassar der det normalt ikkje renn vatn.

FjellVAR har til ei kvar tid tilsette på vakt som skal kunne ta imot meldingar om feil og manglar i vassforsyninga eller i avløpssystemet. Dette kan til dømes vere vassleidningsbrot eller tette avløpsleidningar.

Vakttelefon: 917 29 717

E-post: postboks@fjellvar.as

Krafttak for innsamling av farleg avfall

2014 er «Farleg avfall-året», og FjellVAR gjer ein ekstra innsats for at innbyggjarane skal bli flinkare til å handsame ting som ikkje høyrer heime i vanleg boss. Til dømes elektronisk avfall og farlege kjemikalier. No reiser vi ut for å hente farleg avfall.

I perioden 22. til 26. september har vi leigd inn ein skapbil, og våre folk vil dra ut til periferien. Slik vil dei som har eit stykke veg til Straume kunne levere farleg avfall til bilen i staden for å dra heilt inn til gjenbruksstasjonen, seier Monica Falck i FjellVAR.

Ekstratiltak

Det er første gong ein har eit slikt mobilt mottak i kommunen. Tilbodet er gratis, og Monica er spent på oppslutninga frå kundane.

– Handsaming av farleg avfall er så viktig at vi gjer ekstraordinære tiltak. Viss effekten er god, er dette noko vi kan gjenta, seier ho.

Spekteret av det som blir rekna som farleg avfall blir stadig utvida. Kort sagt er dette avfall som har eigenskapar som kan gje alvorleg forureining eller skade menneske og dyr.

Elektronikk og kjemikalier

Alt farleg avfall som blir levert til kommunale mottak, blir sendt vidare til forsvarleg

slutthandsaming. Til dømes gjenvinner ein metall frå elektriske artiklar, mens miljøgiftene blir destruert.

Rydd i skuffer og skap. Det er gratis å levere inn til trygg handsaming

– Vi oppmodar særleg publikum å levere inn småelektronikk som mobiltelefonar og andre ting som vi stadig fornyar. Når FjellVAR-bilen kjem på besøk, er det òg mogleg å levere restar av maling, olje, spylevæske og anna farleg avfall.

Kva kan ikkje leverast på bilen når den kjem?

Vi tek ikkje imot store møblar og anna restavfall, det må leverast på gjenbruksstasjonen på Straume.

Nye faremerke

Det blir no innført nye faresymbol på emballasje, symbol som vil vere like over heile verda. Dei velkjende oransje faremerka er på veg ut, men gjeld fram til 1. juni 2015.

Visste du at?

KJEMIKALIE-EMBALLASJE av plast, som er tom, skal anten leverast som plastavfall eller farleg avfall.

PLASTAVFALL: Emballasjen som er merka farleg, etsande eller miljøskadeleg, er plastavfall dersom den er reingjort, tom og tørr.

FARLEG AVFALL: Emballasje merka brannfarleg, helsefarleg, akutt giftig, oksiderande, eksplosjonsfarleg, kronisk helsefarleg, eller gass under trykk skal leverast som farleg avfall sjølv om den er tom.

Her kjem FjellVAR-bilen:

- Måndag 22. september kl. 17-20, Bjørøyna v/skulen.
- Onsdag 24. september kl. 17-20, gamlebutikken på Møvika.
- Fredag 26. september kl. 17-20, kaien på Solsvika.



ENDRING faktureringsrutiner

Frå 1. oktober 2014 vil FjellVAR AS overta ansvaret for utfakturering av kommunale gebyr innan vatn, avløp og renovasjon.

FjellVAR AS har ønske om at flest mogeleg av våre kundar vil nytte efaktura eller avtalegiro, då det lettar det administrative arbeidet samt gjev at ein ikkje treng å sende ut faktura på papir. Kundar som tidlegare har nytta avtale om e-faktura og avtalegiro må teikne ny avtale med FjellVAR AS for å få tilgong til desse løysningane. Nærare informasjon vil bli gjeve.

Alle terminfakturaer for 4. termin vil bli sendt ut på papir til ein heimelshavar. Dersom fleire eig ein eigeidom saman, og ein ynskjer at faktura utstedast til ein annan tinglyst heimelshavar enn den som mottar faktura, må ein sende skriftleg informasjon til FjellVAR AS om det. Endring av heimelshavar vil gjelde ved nye fakturakrav. Ny heimelshavar kan inngå avtalegiroavtale eller eFakturaavtale.

EGGEKARTONGAR:

Nokre typer papp har lite fiber og er difor lite egna til gjenvinning av nytt papir. Kast difor eggekartongane i restavfallet. Eggekartongar kan nyttast som strø i komposten, dersom du heimekomposterar.

Stoppar svinn i vassnett

Målretta arbeid med lekkasjesøking og tetting av vassnett i Fjell har gjeve eit strålende resultat.



FjellVAR starta for fire år sidan aktiv lekkasjesøking i vassnett som fast, dagleg rutine. Resultatet er at vassmengda som forsvinn undervegs til forbrukarane er redusert frå 50 til under 35 prosent. FjellVAR ligg no i fremste linje på landsbasis i arbeidet med å ta vare på vassressursane.

– 50 prosent svinn er det som reknast som landsgjennomsnittet, så det er dessverre normalt over heile landet at så mykje vatn blir borte undervegs til bebruarane. Vi kan ikkje leve med så dårleg ressursutnytting og har som målsetjing om å kome ned i 25 prosent innan eit par – tre år, så det er berre å stå på, seier fagsjef Stig Hagenes i Fjellvar si VA-avdeling.

Ulike årsaker

Det er ulike årsaker til at vatnet forsvinn undervegs. Det kan vere sprekker og små brot på hovudledning, lekkasje i anboringspunkt, eller private stikkledningar som lekk. Dei små lekkasjane er dei vanskelegaste å

oppdage, og ein lekkasje byrjar som regel i det små, for så å auke på ettersom tida går.

– Over eit visst tidsrom vil vi nok kanskje oppleve at det er ein auke i vassforbruket på nokre liter. Det er ein indikasjon på at ein lekkasje er under utvikling, seier Hagenes som er glad for at folk er blitt meir årvakne og er kjappe med å ringe dersom dei oppdagar at trykket i krana blir lågare.

Følgjer med

Når ein lekkasje er lokalisert, blir røyra gravd opp og skifta saman med ventilar og anboringsklavar.

– Røyra treng ikkje vere av dårleg kvalitet, det er nok meir jobben som vart gjort då røyra blei gravd ned. Det er stort sett grunnarbeidet og ein del utstyr som har vist seg å ikkje vere solid nok. Røyra i seg sjølve, er av bra kvalitet. I dag er det andre krav enn det var den gong. Materialkvaliteten er sjølv sagt blitt betre over tid, og vi følgjer nok meir med no enn før i tida, seier Hagenes.

Tekst, grafisk produksjon, trykk: Bodoni AS